



Lill Cecilie Bjørndal - FAU nestleiar
Gangstøvegen 29 A
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2955 - 15/32320

Saksbehandlar:

Leif Bjørnar Hopland

leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:

16.10.2015

Referat etter møte i samarbeidsutvalet ved Alversund skule

Tid: onsdag 14. oktober 2015 kl. 18.00-19.00

Stad: Alversund skule, personalrom

Til stades: Lill Cecilie Bjørndal (FAU-representant)
Thomas Wiik (FAU- leiar)
Rønnaug Dieseth (lærerrepresentant)
Wenche Bjørsvik (representant andre tilsette)
Thomas Tofting 7b (elevrådsrepresentant)
Malin Bergetun 7c (elevrådsrepresentant)
Leif Bjørnar Hopland (rektor)
Sæbjørg Kjeka (kommunalt oppnemnt repr.)

Sak 1-15/16 **Konstituering.** Godkjenning av sakliste
Rektor er leiar av SU og skriv referat.

Sak 2-15/16 I møte vart det kort orientert om oppstart skuleåret og hovudsatsringsområder jfr. verksemdsplanen.

Sak 3 – 15/16 **Planprogram kommunedelplan oppvekst.** Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 – 2019 vart gjennomgått i møte. SU sender inn merknad til planprogrammet der ein støttar framlegget for å nå målsetjingane, men ønskjer å presisera at det er viktig at føresette si stemme vert tatt med og høyr. I merknaden kjem ein med ønskje om å sjå på etableringa av eit kommunalt FAU.

Sak 4 – 15/16 **Trafikksikker kommune.** Lindås kommune skal bli godkjent som ein trafikksikker kommune. Alversund skule skal bli ein trafikksikker skule. I møte vart skisse til trafikksikringsplan for skulen gjennomgått. Planen vil og bli gjennomgått på neste FAU møte. Trafikksikringsutvalet i FAU er involvert i utarbeidinga av planen.

Sak 5 – 15/16 **Sykling til skulen – endring av ordensreglane.** Nødvendige endringar i ordensreglane vart gjort med ei presisering av Trygg Trafikk sine anbefalinga knytt til born og sykling.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sak 6 – 15/16 **Prosjekt ny Alversund skule.** Kort orientering i møte om ståda.

Sak 7 - 15/16 **Økonomi.** Kort orientering i møte om drita og prioriteringar fram mot avslutning av budsjettår.

Sak 8 -15/16 **Orientering frå FAU-leiar**

FAU- leiar orienterte om oppstart av FAU året og dei saker som er prioritert. Saksområda er særlegg knytt til dei tre utvala FAU har kring bygg, trafikksikring og psykososial skulemiljø. Elles er 17. mai gruppa sett i gang. FAU leiar byrjar og på utarbeidinga av eit årshjul/verktøy for FAU arbeidet.

Sak 9 15/16 **Elevrådsarbeid** – grundig orientering i møte om start av arbeidet dette skuleåret av elevrådet og dei saker som er tatt opp. Mange saker er kome inn så dei må gjera ei prioritering.

Med helsing

Leif Bjørnar Hopland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lill Cecilie Bjørndal - FAU nestleiar	Gangstøvegen 29 A	5911	ALVERSUND
Thomas Wiik - FAU leiar	Storsteinen 25 B	5911	ALVERSUND
Malin Bergetun - elevrådsrepresentant			
Thomas Tofting - elevrådsrepresentant			
Sæbjørg Kjeka - kommunal representant	Røsvikhaugane 18	5914	ISDALSTØ
Rønnaug Dieseth - lærerrepresentant			
Wenche Bjørsvik - representant andre tilsette			